

Miljødirektoratet



*FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*

Molde, 10 nov. 2023

## Om motorisert ferdsel i Geitådalen i Åmotan-Grøvudalen LVO

Vi viser til dykkar brev av 20.09.2023 (dykkar ref. 2023/7655) som tilsvar på vårt brev av 06.09.2023 om motorisert ferdsel i Dovrefjell – Geitådalen – Grøvudalen landskapsvernområde.

Vi takkar for rask respons på vårt brev. Samstundes er det framleis noko vi finn uklart med dykkar svar som vi ønskjer tilbakemelding på.

Vi les i dykkar brev av 20.09.2023 mellom anna; «Høgsterett har i ein dom frå 1973 (Rt. 1973 s. 869) slått fast at bruk av snøskuter i utmark ikkje er ein allemannsrett. Utover det kan rett til å køyre snøskuter over annan manns eigedom i prinsippet byggje på alle slags rettsgrunnlag som kan etablere rettar, det vil seie avtale, stilleiande aksept, hevd, alders tids bruk, særlege lovreglar også vidare.»



Forbudet mot motorferdsel i utmark (Motorferdselloven) er av offentligrettslig og ikkje privatrettslag karakter. Det skal det mykje til før nokon kan påberope seg noko rettsgrunnlag til å overprøve ein grunneigar sin rett til å nekte motorisert ferdsl på sin grunn etter lova (motorferdsellova § 10). Motorferdselslova gir grunneigaren rett til å bestemme over eigen eigedom. Og det er sikker rett at grunneiger kan nekte motorferdsel på sin eigendom sjølv om kommune eller stat opnar for slik ferdsl (sjå Karnov lovkomm. lagt ved). Høgsterett har vidare handsama forholdet til hevd og har kome til slutning; «*Forbudet mot motorferdsel i utmark er av offentligrettslig karakter og kunne ikke falle bort ved hevd.*» (sjå HR-2015-2551-U – Rt-2015-1495 som er lagt ved).

**På dette grunnlag ber vi Miljødirektoratet om ei vurdering av om kor vidt hevd og/eller stilleiande aksept, alders tids bruk kan nyttast for å juridisk heimle snøskuterkøyring i utmark når grunneigaren har sagt nei til dette på sin grunn ?**

Vi forstår at myndighetene er forsiktige med å uttale seg om konkrete dommer. Men vi ønsker med dette eksempelet å få få klarheit i forhold mellom offentleg rettslege forhold og privat rett til slik motorisert ferdsl – dette er altså eit spørsmål på generelt grunnlag.

Helsing

**Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal**

*Ingbjørn Bredeli*

Fylkeskoordinator  
FNF Møre og Romsdal

Vedlegg:

Utskrift frå Lovdata 28.09.2023 - Karnov lovkommentarer til Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdselloven) § 10

Norges Høyesteretts ankeutvalg - Beslutning. - HR-2015-2551-U - Rt-2015-1495